

Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 19/4692-2

Tildeling 2019 - MAREKO (Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som fondsstyre til å gjere slikt vedtak:

1. Fondsstyret for Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) konstaterer at begge søknadene til fondet er godt forankra i partnerskapen gjennom godkjent handlingsplan for Regional plan for verdiskaping, og er i tråd med det som næringa ser på som si største utfordring: Å auke rekrutteringa til yrke i marin sektor. Søknadene er i tråd med vedtektene til MAREKO.
2. Fondsstyret vurderer søknaden frå Måløy vidaregåande skule om midlar til «forprosjekt Akvahall» som eit særst viktig tiltak for å vidareutvikle det marine opplæringstilbodet ved skulen. Det vert løyvd kr. 1 000 000 til gjennomføring av forprosjektet. Dette er same sum som omsøkt.
3. Prosjektet «Utvikling akvakulturutdanning 2019-2020» famnar om gode tiltak som på sikt kan å bidra til vidareutvikle opplæringstilbodet, auke rekrutteringa, og gje skulen eit meir visuelt marint og maritimt preg. Fondsstyret løyver kr. 1 035 000 til prosjektet. Dette er kr. 300 000 mindre enn omsøkt, då ein i denne omgang ikkje finansierer aktiviteten «Marin og maritim næringsklynge».

Vedlegg:

- 1 NOTAT - Behov for Akvakulturhall ved Måløy vgs.
- 2 Støttenotat frå Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane
- 3 Støttenotat frå Fagskulen i Sogn og Fjordane
- 4 Støttenotat frå Høgskulen på Vestlandet

Andre relevante dokument i saka:

- 1 Vedtekter MAREKO
- 2 Handlingsplan 2019 – Sjømatnæringane
- 3 Skisse akvahall
- 4 Beskriving av hall og infrastruktur
- 5 Notater frå studieturar til akvahaller i Meløy vgs. og Strand vgs.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkeskommunen lyste sommaren 2019 ut midlar frå MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond), med søknadsfrist 1. september 2019. Det kom inn to søknadar, begge frå Måløy vidaregåande skule. Desse er omtalt og vurdert, og det vert no gitt tilråding til Fondsstyret for MAREKO om løyving.

2. Bakgrunn for saka

Fylkeskommune lyste sommaren 2019 ut midlar frå MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond), med søknadsfrist 1. september 2019. Utlysinga vart kunngjort på heimesidene til fylkeskommunen. Det kom inn to søknadar til utlysinga.

Etter vedtektene til MAREKO er det fylkesutvalet, supplert med leiarane for hovudutvala for opplæring og næring og kultur, som utgjer fondsstyret og tildeler midlar. Fylkesrådmannen utøver sekretariatsfunksjonen.

Føremål for MAREKO

«Det overordna føremålet med fondet er å bidra til rekruttering og attraktivitet for vidaregåande opplæring i akvakultur og anna vidaregåande opplæring som støttar denne næringa sitt behov for fagkompetanse.

Fondet skal gje støtte til marint retta tiltak og prosjekt som Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å gjennomføre og som er i tråd med føringar i Regional plan for verdiskaping, her under òg å kunne gje støtte til finansiering av nytt opplæringsfartøy.

Tiltak og prosjekt som får støtte frå fondet skal ha ei klar forankring i «dagens Sogn og Fjordane.»

Fondet sine inntekter

Fondet sine inntekter er basert på ein fast leigesum på 2 mill. kr/år. I 2017 var summen 1 mill.kr for eit ½ års leige. Pr. i dag er det betalt inn 5 mill. kr i fast leige til MAREKO. I tillegg kjem ein variabel leigesum på maksimalt 3,75 mill.kr/år. Denne er avhengig av nasjonale prisar på laks og aure, og vert rekna ut etterskotsvis når kvalitetssikra tal er klare (oktober etterfølgjande år). Prisenivået på laks og aure i 2018 tilseier at variabel leige for 2018 vert 3,75 mill.kr.

Inntekt	fast leige	variabel leige	total årsleige
2017	1 mill.	0	1 mill.
2018	2 mill.	3,75 mill.	5,75 mill.
2019	2 mill.	++(usikker)	2 mill. ++(usikker)
Sum	5 mill.	3,75 mill. ++(sum usikker)	8,75 mill. ++ (usikker)

Historikk – tidlegare vedtak

I september 2017 vart det inngått 10-årig avtale mellom MOWI (tidlegare Marine Harvest Norway) og fylkeskommunen om utleige av konsesjonsbiomassen i undervisningskonsesjonen for oppdrett av laks og aure til Måløy vidaregåande skule. På grunnlag av leigeinntektene vart det oppretta eit fond; MAREKO (Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond). Vedtekter for fondet er vedtekne i FT sak 33/17.

I møte i FU 7.03.2018 la fylkesrådmannen fram rutinar for praktisk oppfølging av vedtektene i MAREKO. Her tilrår eg m.a. at 30% av dei årlege fondsinntektene skal nyttast til opplæringsfarty

Årsplanen for 2019 for Verdiskapingsplanen vart godkjent av Fylkesutvalet 08.04.2019 (FU-sak 22/19). Handlingsplanen for Sjømatnæringane er å finne i dokumentet.

Første tildeling frå MAREKO var i 2018. Det vart då tildelt inntil kr. 3 450 000 til eit 3-årig engasjement i akvakultur ved Måløy vidaregåande skule (FU-sak 90/18 i møtet 26.09.2018).

Handlingsplan for Sjømatnæringane i Verdiskapingsplanen

FU har godkjend årsplanen for 2019 for gjennomføring av Regional plan for verdiskaping. Under satsinga for «Sjømatnæringane» er årsplanen utarbeidd av eit programstyre med representantar frå akvakulturnæringa, fiskerinæringa, Opplæringskontoret for fiskeri og havbruk i Sogn og Fjordane, Måløy vidaregåande skule, samt Opplæringsavdelinga og Nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen. I Delprogram 1 *Utvikle ei attraktiv fagutdanning på vidaregåande skule retta inn mot verdikjedene i Sjømatnæringane* er det lista følgjande mål og tiltak:

Mål 1: Vidareutvikle eit attraktivt opplæringstilbod for akvakultur ved Måløy vgs. gjennom:

- Bidra til å få på plass eigna undervisningsfasilitetar i akvakultur ved Måløy vgs.
- Å tiltrekke fleire søkjarar til marin opplæring
- Vidareutvikle innhaldet i undervisningstilbodet, særleg med tanke på involvering av næringslivet og FoU-aktørar
- Bidra til å gjere den nye skulebåt til eit godt stad å lære ny kunnskap

Sentrale problemstillingar

Rekruttering til akvakulturnæringa

Akvakulturnæringa har trong for fleire fagutdanna folk, og det står i dag fleire lærlingplassar ledige. Måløy vidaregåande skule manglar undervisningsfasilitetar for opplæring i akvakultur. Trass i at akvakultur er ei yrkesretta opplæring, har skulen ingen fasilitetar for praktisk opplæring.

Alle elevar ved Naturbruk og Vg2 akvakultur får difor i dag all praktisk opplæring gjennom utplasseringar på kommersielle anlegg. Skulen har eit svært godt samarbeid med oppdretts-næringa i heile fylket, der næringa bidreg med praksisplassar. Dette er heilt naudsynt for at skulen kan gje elevane eit praktisk tilbod. Men dette kan likevel ikkje dekke alle kompetansemåla i læreplanen. Nokre av desse omhandlar «nye marine artar»; som eincella og fleircella algar, skjel og reinsefisk. Denne opplæringa får elevane i dag berre gjennom å lese bøker. Ein akvahall vil gje ein trygg læringsarena for å teste ut nye artar, der ein kan prøve og feile utan at det får store konsekvensar.

Skulen har også fått erfare at å legge all praktisk opplæring til kommersielle anlegg er svært sårbart. I 2018 måtte fleire anlegg slakte ned fisk, grunna sjukdom og liknande. Skulen fekk då store vanskar med å oppretthalde ei praktisk opplæring i tråd med krav i læreplanen.

Det er stor utvikling innan landbasert oppdrett og RAS-teknologi (RAS= resirkulering av vatn). Det er også venta at nye læreplanar vil omfatte kompetansemål retta inn mot dette. Dette vil sette ei rekke nye krav til opplæring og kompetanse. Tilbakemeldingar frå næringa er at opplæring innan RAS-teknologi må inn i undervisninga.

3. Vurderingar og konsekvensar

Søknad 1: Utvikling Akvakulturutdanning 2019-2020

Søkjjar: Måløy vidaregåande skule v/ rektor Åsta N. Røed

Prosjektleder: Mona Bakke Svarstad

Periode: 2019-2020

Søknadssum: kr. 1 335 000, utgjer 100 % av totalkostnad.

Det er søkt om finansiering til ei rekke tiltak som skal styrke innhald i opplæringsprogrammet, mellom anna med betre utstyr og fasilitetar og bidra til auka samarbeid mellom skulen og næringslivet og forskingsinstitusjonar. Vidare vil ein arbeide meir med marknadsføring av opplæringstilbodet. Hovudmålet med prosjektet er å utvikle ei meir attraktiv akvakulturopplæring ved skulen. Prosjektet er forankra i Vediskapingsplanen, og står opp om element i læreplanen. Det er lista følgjande aktivitetar i søknaden:

1 Næringsretta kurs for elevane

På bakgrunn av mål i læreplan og tilbakemelding frå næringa vil ein gje elevane fleire næringsretta kurs. Dette vil bidra til å gjere elevane endå meir attraktive som lærlingar då dei vil ha gjennomført fleire av næringa sine pålagte kurs før dei startar læretida. I første omgang er det tale om Truck T4, Stroppe- og anhukerkurs (G11) og Fastmontert hydraulisk kran (G20).

2 Marknadsføring og rekrutteringsarbeid

Arbeide meir målretta med marknadsføring av opplæringstilbodet. Utarbeide eigna materiell som kan nyttast til m.a. deltaking på utdanningsmesser og skulebesøk. Auka kontakt med næringslivet med mål om å auka samarbeid om innhald i opplæringa og praksisplassar.

3 Utsmykking av marin og maritim avdeling

Denne avdelinga inneheld i dag lite som viser fagområda for avdelinga. Ein ser føre seg TV-skjermar med live-sendingar frå oppdrett og fiskebåtar. Vidare 3D visualisering og animasjon for å illustrere anlegg, arbeidsoperasjonar etc. i fiskeri- og oppdrettnæringa, og veggmontasje som syner ulike produksjonssteg i lakseoppdrett og ulike typar fiskerfór i montere.

4 Marin og maritim næringsklynge

Vidareutvikle samarbeid med næringslivet og med forskingsinstitusjonar. Dette vert sett på som eit skritt på vegen til å etablere ein marin næringsklynge som fleire andre skular allereie har.

5 Eigenkapital for å gjennomføre Prosjekt berekraftig oppdrett

Måløy vgs. fekk ved 1. utlysing i Marint Verdiskapingsfond 2019 støtte til «Prosjekt berekraftig oppdrett» der ein m.a. skal kjøpe inn oppdrettsmodul til simulator og utstyr for miljømålingar. I den søknaden var det sett som føresetnad at eigenkapitalen på kr. 100 000 måtte løyvast frå MAREKO.

Kostnadsplan (x1000)

Aktivitet	2019	2020	Sum
Næringsretta kurs for elevane	240	80	320
Marknadsføring og rekrutteringsarbeid	220	165	385
Utsmykking av marin og maritim avdeling	70	160	230
Marin og maritim næringsklynge		300	300
Eigenkapital til Prosjekt berekraftig oppdrett	100		100
Sum kostnad	630	705	1 335

Vurdering

Søknaden lister fleire tiltak som i sum vil kunne bidra til å auke rekrutteringa til akvakultur-utdanninga. Nokre element i søknaden rettar fokus mot å gje tilsette og besøkande, og ikkje minst elevane sjølve, ei kjensle av kva marin og maritim avdeling jobbar med. Dette vil forsterke den «marine kjensla», og også utan tvil bidra til å gjere lokala både trivelege og interessante. Det er positivt om elevane får tilbod om fleire kurs som er påbodne i næringslivet for å kunne delta i ulike arbeidsoperasjonar, slik søknaden legg opp til. Eigenkapital til prosjektet som allereie er del-finansiert gjennom Marint verdiskapingsfond er ikkje ein heilt god måte å finansiere opp prosjekt på. Slik MAREKO no er innretta må skulen søkje om midlar til alle tiltak og aktivitetar dei vil gjennomføre for å vidareutvikle opplæringstilbodet i akvakultur. Vi ser difor at finansiering av same prosjekt gjennom to av fylkeskommunen sine fond kan vere ein konsekvens av korleis MAREKO er operasjonalisert. Marint verdiskapingsfond hadde si siste utlysning og tildeling i 2019, så denne samfinansieringa vil ikkje komme opp att i same form. Summen utgjer også berre ein mindre del av totalkostnaden på prosjektet det er søkt om i MAREKO. Når det gjeld aktiviteten «Marin og maritim næringsklynge» er denne minst forklart i søknaden. Det bør ikkje vere eit mål å etablere ei ny marin klynge, om dette er intensjonen, men heller syte for at skulen vert ein naturleg partner i eksisterande klynger eller klynger som er under oppbygging. Om det er naudsynt med kapital til dette, ber vi søkjar om å kome tilbake med ein meir fullstendig og klargjerande søknad ved neste utlysning. Støtta vert difor redusert med kr. 300 000, som utgjer summen som er sett opp til denne aktiviteten i finansieringsplanen.

Søknad 2: Forprosjekt Akvahall (2019-2020)

Søkjar: Måløy vidaregåande skule v/ rektor Åsta N. Røed

Prosjektleder: Jan Tore Rosenlund

Periode: 2019-2020

Søknadssum: kr. 1 000 000, utgjer 100 % av totalkostnad. I tillegg kjem arbeidstimer frå prosjekteigar, prosjektansvarleg og prosjektleder, denne innsatsen er ikkje estimert.

Det er søkt om finansiering for å utarbeide eit grunnlag for prosjektering av akvakulturhall ved Måløy vgs. Skulen har i dag ingen fasilitetar for praktisk opplæring i akvakultur. Det er det siste året gjort eit godt forarbeid med å etablere ein akvakulturhall, og ein har kome til eit punkt der ein må kvalitetssikre løysingar og kostnader. Det er gjennomført fleire studieturar til akvakulturhallar ved andre vidaregåande skuler. På desse har det vore tverrfagleg representasjon frå fylkes-kommunen, kommune og næringslivet. Det er utarbeidd skisse over innhald og funksjonar i hallen som ligg ved søknaden. Det er også lagt ved eit notat «Behov for Akvahall ved Måløy vidaregåande skule» (sjå vedlegg til saka). Det er vidare lagt ved erklæringar frå Fagskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane som alle peikar på at det er behov for ein slik hall, og som ser seg som framtidige brukarar av hallen.

Hovudmål med forprosjektet er å utarbeide eit grunnlag for vedtak om gjennomføring. Vidare vil søkjar avklare plassering, tomtetilhøve og tekniske løysingar for bygg og naudsynt infrastruktur. Til slutt vil søkjar utarbeide eit samla kostnadsoverslag og føreslå finansiering av ein akvakulturhall ved Måløy vidaregåande skule.

Prosjektet skal gjennomførast på 9 månader og har fire hovudaktivitetar:

1. Avklare lokalisering og tomtetekniske tilhøve for Akvahallen
2. Berekne kostnader for:
 - a. Grunn- og tomtkostnader (undersøkingar, opparbeiding, parkering og tilkomst etc.)
 - b. Avklare funksjonar (utstyr) hallen skal ha og storleik på hall
 - c. Byggekostandar for hallen (inkl. val av tekniske løysingar for reinsing av inntaksvatn og avlaupsvatn og fastmontert infrastruktur)
 - d. Tilkopling til ferskvatn frå Nygårdsvatnet ved høgdebassenget
 - e. Sjøvassleidning frå Vindhammarsundet
 - f. Kostnader for reinsing av avløpsvatn

3. Leige inn rådgjevar som kan utføre kvalitetssikring av løysingar og kostnader
4. Gjennomføre målingar og kvalitetssikre vasskjelde i fersk- og sjøvatn

Hovudkostnaden vil vere knytt til kjøp av eksterne tenester med spisskompetanse. Rapporten frå forprosjektet vil vere eit godt grunnlag med tanke på å ta ei avgjerd for gjennomføring av bygging av hall.

Prosjektet er forankra i Verdiskapingsplanen og det er sett på som det viktigaste tiltaket i årsplan 2019; å få etablert akvahall ved Måløy vidaregåande skule.

Læreplanen for akvakultur omfattar programfaga drift og produksjon, anlegg og teknikk, og oppdrett og miljø. Programfaga omfattar:

- Arbeidsprosesser og yrkesutøving knytt til drift og vedlikehald av akvakulturanlegg
- Oppbygging, virkemåte og drift av anleggstyper, reiskap og utstyr
- Aktuelle oppdrettsarter og det kringliggjande miljøet

For kvart programfag er det spesifisert ein rekkje mål for opplæringa. Svært mange av måla kan ein knytte opp mot praktisk opplæring i ein akvahall.

Vurdering:

Dette er eit relevant forprosjekt og etablering av ein Akvahall er det viktigaste tiltaket for å auke kvalitet i opplæringa innan akvakultur ved skulen. Skulen har i dag ingen fasilitetar til den praktiske delen av undervisninga. Utplassering på kommersielle anlegg er viktig, og må halde fram, men i periodar der anlegga ligg brakk har skulen ingen praktisk undervisning å tilby elevane. Næringa treng fleire folk, og lærlingplassar står tomme. Skal skulen kunne konkurrere med andre utdanningsløp om elevar, og med tilsvarande utdanning ved andre skuler, må skulen ha fasilitetar til undervisning. Likeeins krev læreplanen at t.d. nye marine artar (skjel, algar, reinsefisk etc.) skal vere ein del av opplæringa, og her kan skulen i dag ikkje tilby praktisk opplæring. Prosjektet er vel forankra i både næringsliv og hjå FoU-partnarar som signaliserer at dei vil vere aktørar i framtidig bruk av hallen. Fondsstyret bør løyve omsøkt sum på kr. 1 000 000 til forprosjektet.

4. Konklusjon

Fondet fekk i 2019 to søknadar om finansiering, begge frå Måløy vidaregåande skule. Begge søknadane er godt forankra i Verdiskapingsplanen/årsplanen. Søknadene er vidare i tråd med vedtektene for MAREKO der det overordna føremålet er å bidra til rekruttering og attraktivitet for vidaregåande opplæring i akvakultur og anna vidaregåande opplæring som støttar næringa sitt behov for fagkompetanse.

For prosjekt «Utvikling Akvakulturutdanning 2019-2020» er det søkt om 1,335 mill. kr. til fem ulike delaktivitetar. I innstilling til finansiering vert det føreslege å redusere støtta med kr. 300 000 som er summen som er sett opp til aktiviteten «Marin og maritim næringsklynge» i finansieringsplanen. Fondsstyret bør løyve kr. 1 035 000 til prosjektet.

I forprosjektet Akvahall er det søkt om 1 000 000 kr der hovuddelen av midlane vil bli nytta til å leige inn ekstern spisskompetanse som kan kvalitetssikre og kalkulere kostnader for ein akvahall. Fylkeskommunen har i dag ikkje kompetanse eller kapasitet til å ta på seg oppdraget, men vil vere oppdragsgjevar og prosjektleiar. Prosjektet er godt forankra i partnerskapen, i næringslivet og hjå FoU-partnarar, som signaliserer at dei vil vere aktørar med tanke på framtidig bruk av hallen.

Tildelingane utgjer om lag 60 % av fondet sin estimerte kapital pr. 2018. Fondet sine inntekter i 2019 vert ikkje estimert før i 2020. Dei omsøkte summene er av ein slik storleik at ein har sikra at minst 30 % av fondet sine inntekter skal kunne nyttast til nytt opplæringsfartøy slik vilkåra i MAREKO er utforma.